
REGLEMENT FOR VIGSLAR I HEMSEDAL KOMMUNE

Reglementet er vedteke av kommunestyret 31.01.2024 i sak 6/2024

1. Vigselsmynde i Hemsedal kommune

Vigslar utførast av ordførar eller varaordførar i tillegg til faste formannskapsmedlemmer. Sidan ordførar har godtgjersle for vigslar innbakt i si løn skal inntekter som kjem inn når ordførar sjølv gjennomfører vigslar settast inn på eit gåvefond.

2. Kven kan bli vigsla i Hemsedal kommune

Både busette i Hemsedal og utanbygds kan bli vigsla.

3. Stad for vigslar

Hemsedal kommune tilbyr vigsel på kommunehuset. Vigselslokalet er Hemsedal Kommunestyresal og/eller foajeen utanfor kultursalen. Vigselen kan finne stad på annan stad, men dette skal på førehand vere godkjent av vigsleren.

4. Rammer for vigslar

Hemsedal kommune har berre ansvar for sjølv vigselritualet. Pynt, dekorasjonar, musikk eller andre kunstnariske innslag må organiserast av brureparet.

5. Kostnader knytt til vigselen

Vigsel der minst ein av brureparet er busett i Hemsedal kommune:

- Om minst ein av brureparet er busett i kommunen, er sjølv vigselen og bruk av kommunen sine lokale i kommunehuset gratis i kommunen sin normale opningstid. Evt. dekorasjonar, musikk eller andre kulturinnslag inngår ikkje.
- Kr. 2000 for seremoni utanom kommunen si normale opningstid og på anna vigselstad enn Hemsedal kommunehus.
- Utgifter til transport til andre lokale/stader for vigslar betalast ut frå statens satsar for køyregodtgjersle.

Vigsel der brurefolket er busette i andre kommunar enn Hemsedal kommune:

- Kr. 2000 for seremoni i kommunen sin normale opningstid i Hemsedal kommunehus. Betalinga dekker kostnad til sjølve vigselen, for- og etterarbeid. Evt. dekorasjonar, musikk eller andre kulturinnslag inngår ikkje.
- Kr. 5000 for seremoni utanom kommunens normale opningstid og på anna vigselstad enn i Hemsedal kommunehus.
- Utgifter til transport til andre lokale/stader for vigslar betalast ut frå statens satsar for køyregodtgjersle.

6. Rutine for gjennomføring av vigslar

Kommunedirektør har mynde til å fastsetje rutinar for administrative oppgåver knytt til vigslar.

7. Søknad om kommunal vigsel

Søknad om kommunal vigsel må vere komen inn til kommunen i god tid før vigsel.

I søknaden må namn på brudepar med kontaktinformasjon, ønska dato, ønska sted, omtrentleg tal på tilhøyrarar og evt. anna som kommunen må vite før vigsel, stå.

8. Prøvingsattest

Dei som tar kontakt med kommunen om vigsel må få beskjed om at dei må ha gyldig prøvingsattest på tidspunktet for ekteskapsinngåinga, jf. ekteskapsloven § 14 første ledd jf. § 10. Det er Skatteetaten ved folkeregistermyndet som utsteder prøvingsattest.

9. Informasjon om reglement og rutinar

Reglement og rutinar for vigslar skal kunngjerast på heimesidene til kommunen.